



Rektor Marie Elisabeth Kaldestad er på plass i rektorstolen frå i dag.

Det nye året har gjeve Uskedalen Oppvekstsenter ei ny leiing- Marie Elisabeth Kaldestad (55) har i dag overteke som rektor etter Vidar Haugland (65) etter at dei to har jobba saman dei siste 2 månadane..

Og overfor uskedalen.no slår den nye rektor fast at ho er veldig fornøgd med bytet av arbeidsplass frå rektorstolen i Bringedalsbygda til rektorstolen i Uskedalen.

Faktisk har ho ikkje ein einaste negativ erfaring å formidla etter dei to månadane og det begynnar ho slik:

- Dette er ein godt skule. Her har Vidar gjort ein god jobb med å strukturera skule og barnehage.
Det er også et svært stabilt personale, noko som gjev grunnlag for ein heilt annan kontinuitet og arbeidskvardag.
Det blir mykje lettare å jobba. Oppfølginga blir ein heilt annan.

- Har du allereie no gjort endringar i opplegget?
- Eg vil byggja vidare på opplegget til Vidar og personalet, men eg planlegg ein større satsing på realfag fordi vi treng fleire dyktige folk med denne utdanninga.
Difor har eg søkt om eit naturfagprosjekt som allereie er innvilga og vi startar det i vår i eit samarbeid med Kvinnherad vidaregåande skule.

Vi skal også snart starta eit matematikkprosjekt - det vill vi arbeide ut no i januar.
Det er viktig å gjera elevane gode i fag der dei kan komma vidare. og ved denne skulen har vi moglegheiter og ressursar til å gjera nettopp det, fastslår den nye rektor.

Når det gjeld den fysiske tilstand ved skulen, som det neppe er grunn til å skryta av, er ho glad for at det er gjort ein jobb i juleferien:

Ein del av hovudkorridoren har fått nytt golvbelegg til erstatning for dei slitte flisane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen